

Går attende til Justisdepartementet, 3. politikontor.

Ein legg ved avskrift av ei arkivliste som lensmannen i Kviteseid sette opp 3. mai 1924.

Når ein lensmann sluttar og ein ny vert tilsett etter han, kan ein ikkje la den nye velja ut av arkivet dei sakene han då meiner det kan verta bruk for i ombodet og så la resten av lensmannsarkivet gå over på private hender eller verta øydelagd. Arkivsakene er offentleg eigedom som den nye lensmannen har plikt til å ta vare på. Heile lensmannsarkivet <sup>ombodet</sup> lyt fylgja/så lenge det ikkje er gjevi samtykke til at noko av det kan skiljast ifrå.

Spørsmålet om kvar gamle arkivsaker fra lensmannsarkiva skal få sin endelige plass, er ikkje løyst. Lensmannsarkiva høyrer staten til. Men statsarkiva har i det heile for lite rom til at dei kan ta imot lensmannsarkiv, og for Statsarkivet i Oslo, som Telemark soknar til, er det plent uråd. Riksarkivaren har av ymse grunnar tenkt seg at lensmannsarkiva helst burde koma til kommunearkiva. Men kommunearkiva på landet har jamt over enno ikkje slike lokale at det er forsvarleg å senda lensmannsarkiv dit, og ein kan vel heller ikkje utan vidare krevja at kommunane skal ta imot dei.

Riksarkivet, 18. november 1953.

A. St.

M.R.